

## **SAMTALEGRUPPE FOR BARN SOM HAR OPPLEVD SAMLIVSBRUDD**

Støtteteamet i Stord kommune, v/Mariann T. Haugan, har i samarbeid med Familievernkontoret på Stord, ved Alicia Ramirez, hatt samtalegrupper for barn i barneskulealder på Stord. Dette er for barn som har opplevd samlivsbrudd.

I arbeidet vårt som består av å arbeida med familiar og barn, både i Støtteteamet og i familievern, kjem me ofte i problemstillingar som handlar om samlivsbrudd, og konsekvensane dette har for foreldre og barn.

Samlivsbruddet er ei stor påkjenning for familien, både rett etter bruddet og i tida etterpå. Familien må finna ut korleis det er å ikkje leva saman lenger, frå å væra "oss", som ei eining, til å væra ein todelt familie. Bruddet i familiekjernen berører ikkje bare kjernefamilien, men også den utvida familien og familien sitt nettverk, besteforeldre, tanter, onklar, søskenbarn og vener. Heile familiesystemet blir endra som konsekvens av bruddet.

Foreldra kan snakka med andre vaksne. Barna har ikkje same mogelegheit. Dei er prisgitt dei vaksne rundt seg som kan sjå barna sine behov, og at dei kan sjå og lytta til dei. Barna er ikkje alltid modne nok til å kunne forstå kva som føregår i den vaksne verda. For dei er det ikkje lett å spørje omverda om "vaksne ting". Familiebruddet for barna har ei anna betydning en den har for foreldra. For foreldra er det eit parforhold som blei avslutta med dei konsekvensar det kan føra til. Barna sin situasjon er at mor og far ikkje lever saman med dei lenger. Konsekvensen for barna er at dei må forholde seg til to separate heimar, to utvida familiar og ofte to nettverk.

I vårt arbeid har me sett behovet for å kunne gje barna tilbod om ei samtalegruppe, for at dei kan få mogelegheit til å bearbeida bruddet. Barna har behov for å kunne forstå kva som har skjedd med familien deira, og korleis framtida kan bli forstått ut frå eit barneperspektiv. Barn bearbeider kjensler og tankar, og får forståing av omverda gjennom m.a. samtale med vaksne, leik og samtale med andre barn.

Difor valgte me våren 2010 og 2011 å starta samtalegrupper for barn som har skilte foreldre i samarbeid med to skular på Stord.

Me har tatt utgangspunkt i P.I. S (plan for implementering av skilsmisse grupper i skolen). Men har valgt å utarbeide vårt eige material og metodar for gruppearbeid med barn. Det er dette me har brukt og beskriv i det erfaringsbaserte dokumentet me laga våren 2010.

**Sjå linken.**

Mariann T. Haugan  
Støtteteamet i Stord kommune

Alicia Ramirez  
Familievernkontoret på Stord

Stord, februar 2011